

Masfjorden kommune
Kontrollutvalet

Revisors melding til prosjektrekneskap

Vi har revidert prosjektrekneskapen for Masfjorden kommune for prosjekt Matre vassverk. Prosjektrekneskapen består av sluttregneskap som inngår i sluttrapport for prosjektet. Sum bokførte utgifter i prosjektet er kr 5 137 484,60.

Leiinga sitt ansvar for prosjektrekneskapen

Leiinga er ansvarleg for prosjektrekneskapen, og for slik intern kontroll som leiinga finn nødvendig for å utarbeide eit prosjektrekneskap som ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følgje av misleg framferd eller feil.

Revisors oppgåver og plikter

Vår oppgåve er å gi uttrykk for ei meining om prosjektrekneskapen på bakgrunn av vår revisjon. Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med lov, forskrift og god revisjonsskikk i Norge, herunder International Standards on Auditing. Revisjonsstandardane krev at vi etterlever etiske krav og planlegg og gjennomfører revisjonen for å oppnå betryggande sikkerheit for at prosjektrekneskapen ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon.

Ein revisjon inneheld handlingar for å innhente revisjonsbevis for beløpa og opplysningane i prosjektrekneskapen. Dei valde handlingane byggjer på revisors skjønn, under dette vurdering av risiko for at prosjektrekneskapen inneheld vesentleg feilinformasjon, enten det skuldast misleg framferd eller feil. Ved ei slik risikovurdering tar revisor omsyn til den interne kontrollen som er relevant for utarbeiding av eit prosjektrekneskap som gir ei dekkande framstilling.

Formålet er å utforme revisjonshandlingar som er hensiktsmessige ut frå omstende, men ikkje for å gi uttrykk for ei meining om effektiviteten av eininga sin interne kontroll. En revisjon omfattar og ei vurdering av om nytta rekneskapsprinsipp er hensiktsmessige og om eventuelle rekneskapsestimat utarbeidd av leiinga er rimelige, samt ei vurdering av den samla presentasjonen av prosjektrekneskapen.

Etter vår oppfatning er innhenta revisjonsbevis tilstrekkelig og hensiktsmessig som grunnlag for vår konklusjon.

Konklusjon

Etter vår meining gir prosjektrekneskapen for Masfjorden kommune for prosjekt Matre vassverk, i det alt vesentlege eit uttrykk for prosjektets resultat og stilling i samsvar med kommunal rekneskapskikk.

Grunnlag for rekneskapsavlegging og avgrensa distribusjon

Vi gjer merksam på at prosjektrekneskapen er utarbeidd for å gi informasjon til Masfjorden kommune i forbindelse med evaluering av prosjektet. Prosjektrekneskapen er difor ikkje nødvendigvis egna for andre formål. Vår uttale er berre berekna på Masfjorden kommune sin behandling av denne prosjektrekneskapen. Dette forholdet endrar ikkje vår konklusjon.

Isdalstø, 27.10.2014

Northordland Revisjon IKS



Reidar Bjørsvik
Revisjonssjef